

# KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR OSTERØY

NR. 2 • APRIL 2019 • 44. ÅRGANG

*God påske!*



Side 14-15



**Påskefeiring på Lésvos**

Side 10-11



**Bispemøtet beklagar**

Side 6-7



**Velkommen, Børge!**

Side 3

## KYRKJENE PÅ OSTERØY: TILSETTE / RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret, Lonevåg Senter, Lonevågen 5:  
Åpen alle dager; mandag til fredag,  
kl. 8.30-14.30.

Tlf. 56 19 22 80

Epost: kyrkje@osteroy.kommune.no

Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

### Tilsette:

Kyrkjeverje Edvin Bratli,  
tlf. 56 19 22 80 / mobil 980 67 960

Sokneprest Stein Hugo Fykse, 56 19 22 87 /  
mobil 909 60 154

Sekretær Miriam Kalland, tlf. 56 19 22 86

Sokneprest Børge Ryland,  
tlf. 56192283, mob.: 93255774

Organist Trent L. Bruner  
tlf. 56 19 22 84 / mobil 938 89 950

Organist Baard Eikaas  
tlf. 56 19 22 84 / mobil 936 72 224

Trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad  
tlf. 56 19 22 85 / mobil 480 95 658

### Soknerådsleiarane for 2015 - 2019

Åge Clausen (Hamre)  
Wenche Fiskeseth (Bruvik)  
Geir Atle Mjelde (Haus)  
Jan Hanstvedt (Hosanger)  
Reidun Vevle (Gjerstad)

### Fellesrådsmedlemmane

Jenny M. Eikeland, leiar (Hamre)  
Øyvind Vatile, nestleiar (Haus)  
Wenche Fiskeseth (Bruvik)  
Turid B. Njåstad (Gjerstad)  
Frode Lavik (Hosanger)  
Helle Maria Wolstad (biskopens repr.)  
Kjellaug Hartveit (Osterøy kommune)

## KYRKJEHELING

Kyrkjelydsblad for Bruvik sokn, Gjerstad sokn,  
Hamre sokn, Haus sokn og Hosanger sokn.

Stoff til neste nummer kan sendast til :  
kyrkje@osteroy.kommune.no

Kontakt for Kyrkjehelsing: Edvin Bratli.

**Kyrkjehelsing nr. 3-2019** kjem ut torsdag  
23. mai. Redaksjonen avsluttes fredag 10. mai.

Layout og trykk: Molvik Grafisk



# Takk for meg!

Kjære alle vener på Osterøy, Gud velsigne dykk alle!

AV HELLE MARIA WOLSTAD



«Alt har si tid, det er ei tid for alt som hender under himmelen: ei tid for å fødest, ei for å døy, ei tid for å planta, ei for å riva opp; ei tid for å gråta, ei for å le, ei tid for å sørgja, ei tid for å dansa; ei tid for å leita, ei tid for å missa» (Forkynnaren kapittel 3, versa 1, 2, 4 og 5).

No er det mi tid. Mi tid å flytta og å starta på nytt. Og med det er det også mi tid å sei farvel. Eller, som eg best likar å sei det «på gjensyn». For det er ikkje lett å ta farvel. Det er det flotte med menneskelige relasjonar. Og eg meiner, det flotte.

Tenk om vi ikkje fekk litt vondt ved oppbrot. Hadde då det vore noko godt i situasjonen eller relasjonen? Eg tenkjer at dei vondaste oppbrota er dei som er enklast å ta, dei vi tar med berre glede. Det seier noko om at det som man tar farvel med ikkje var godt. Ja, kanskje meir eller mindre vondt.

Så eg er glad for at det er litt vondt å seie farvel med dykk på Osterøy. Det tydar berre på at vi har hatt noko fint og verdfullt i lag. I møte med dykk har eg lært noko, fått noko og blitt påverka på ein god måte. Eg trur det er gjensidig. Difor er avskjeden litt trist og vond.

Likevel, eg ville ikkje vore den forutan. Vi er heldige. Vi kan sei «på gjensyn». Eg kan seie «velkomne til Geilo, de finn meg i kulturkyrkja». De kan sei «vi sjåast i Hosanger 2. påskedag, og du er velkomen hit når du kjem over fjellet att». Vi kan ta kontakt. Og vi har ei felles tru. Ei tru på at livet er mykje meir enn her på Osterøy, eller på Geilo.

Livet i Jesus er evig. Ein dag skal vi alle sjåast att. Og i mellomtida har vi det band som bind alle Jesu vener på jorda, fellesskapet i hans kjærleik. Vi som er hans born vil alltid vera forbundne med kvarandre gjennom han. Vi veit om kvarandre, vi kan be for kvarandre og takka for kvarandre. Det er vår rikdom.

Eg tillèt meg å dela diktet Ord over grind av Haldis Moren Vesaas, eit dikt som eg tykkjer seier mykje om venskap i nærleik og avstand:

«Du går fram til mi inste grind  
og eg går òg fram til di.  
Innanfor den er kvar av oss einsam,  
og det skal vi alltid bli.

Står du der ikkje ein dag eg kjem  
fell det meg lett å snu  
når eg har stått litt og sett mot huset  
og tenkt på at der bur du.

Aldri trenge seg lenger fram,  
var lova som gjaldt oss to.  
Anten vi møttest titt eller sjeldan  
var møtet tillit og ro.

Så lenge eg veit du vil kome iblant  
som no over knastrande grus  
og smile glad når du ser meg stå her,  
skal eg ha ein heim i mitt hus.



# Ny prest til Hamre og Hosanger

**Børge Ryland kjem, førebels som vikarprest, til Hamre og Hosanger sokn rett etter påske. Han startar tenesta si med konfirmasjonsgudstenesta i Hosanger sokn 28. april.**

AV ØYVIND VEVLE

Den nye presten er kjend på Osterøy frå før. Han var inne i to år for sokneprest Melve i 40% stilling, og seier at han har gode minne frå den tida og ser fram til å koma tilbake.

Børge Ryland er fødd i Bergen, oppvaksen i Morvik i Åsane, og bur på Skarpenes i Meland. Han er gift med Synnøve og har fire born, tre døtre og ein son, og så har han to svigerborn og to barneborn.

Frå tidlegare har han erfaring frå fleire prestekall og stillingar i kyrkja: Kallskapellan i Fjaler, kyrkjelydsprest i Austrheim og Fedje, prostiprest i Nordhordland, kapellan i Alversund, Seim og Lygra, fengselsprest i Bjørgvin fengsel, vikarprest i Salhus, sokneprest i Eidsvåg og no sist vikarprest i Gulen.

Han var fengselsprest så lenge bispedømet hadde midlar til å halda oppe den stillingen. Etter den tida har bispedømet teke på seg plikta med å tilby han anna teneste.

– Det viktigaste i prestenesta er å vita at eg er send av vår Herre og frelsar,

Jesus Kristus, for å forvalta Guds ord og dei heilage sakramenta til tru på han, seier han.

– Eg tenkjer at det må skje truverdig og nært med det personlege avtrykk eg har, i møte med born, unge og vaksne i ulike aldrar og situasjonar. Gudstenesta er for meg ein heilskap og eit naudsynt fellesskap til tru og av tru. Det å vera sett av Gud er vårt kall til å sjå kvarandre.

– Korleis ser du på tilhøvet mellom kyrkja og misjonsorganisasjonane?  
– Kyrkja er eit resultat av misjon, og skal i sin natur vera oppteken av misjon. Misjonsorganisasjonane må difor vera kyrkja sine nære allierte til å gå ut med evangeliet og slik følgja Jesu kall.

– Kva er det mest krevjande ved prestenesta, og kva er det beste?  
– Det er nok mykje som kan kjennast krevjande. Å oppleva at det er få som søker gudsteneste-fellesskapet er utfordrande. Det beste er kan henda å oppleva at menneske opnar seg for evangeliet og tek imot Guds kjærleik i Jesus Kristus. Det skjer når bibelordet vert forkynt, i dåp og under nattverd, i sorg og glede.



**EIT TRUSFELLESSKAP:** – Gudstenesta er for meg ein heilskap og eit naudsynt fellesskap til tru og av tru. Det å vera sett av Gud er vårt kall til å sjå kvarandre, seier Børge Ryland. (Foto: Dag Sunnanå)

På fritida likar presten å driva med fysisk arbeid, med hus og i hage, i bil og båt. Han set og stor pris på naturen rundt oss, og er glad når det vert tid til å bruka den.

## Ny kyrkjetenar i Gjerstad



Vi gratulerer Toril M. Nelson med jobben som kyrkjetenar i Gjerstad. Frå 1. mars tok ho over etter Haldor A. Mjelstad.

Toril har erfaring som kyrkjetenar frå Landås og Arna menigheter i Bergen. Ho er aktiv både i kyrkja og i Frelsesarmeen, og vi gler oss over å

ha fått henne med på laget her på Osterøy. Toril er busett i Arna.

## Ny sekretær på kyrkjekontoret



Vi gratulerer Miriam Kalland med sekretærjobben som ho starta i 1. mars. Stillinga er på 50 prosent, og ho vil vere til stades på kontoret måndag-torsdag.

Oppgåvene vil vere sekretær- og arkivoppgåver for sokneråda, sekretær oppgåver for fellesrådet, kyrkjebokføring, administrere utleige av kyrkjelydshuset i Haus, handtere meldingar om dåp, vigslar og gravferder og reinhald av Kyrkjesenteret i Lonevåg.

## Trusopplæringa på Osterøy

### Babysong

Babysong blir arrangert kvar onsdag, annakvar veke i kyrkjesenteret (Lonevåg senter) og annakvar veke i borgstova på Hamre. Mange babyar deltar denne vinteren og våren. Nye deltakarar er hjarteleg velkomne! Informasjon og påmelding på kyrkja si heimeside, osteroy.kyrkja.no. Trusmedarbeidar og ein medhjelpar er leiarar på babysong.

### Småbarnsong

Sidan september har 3-5-åringar delteke på småbarnsong i kyrkjesenteret i Lonevåg første tysdag i månaden. På småbarnsong kosar me oss med songleikar, kristne barnesongar og rytmisk aktivitet. Informasjon og påmelding på kyrkja si heimeside. Kantor og trusmedarbeidar leier småbarnsongen.

### Dåpsskule for 1. klassingar

Rett etter vinterferien starta dåpsskulen opp. I år er den lokalisert til kyrkjesenteret. Mange 1. klassingar deltar kvar veke fram til påske. På dåpsskulen er det song- og forteljarstund kvar gong. Saman lagar me eit bilete av det me såg og høyrde i forteljarstunda. Palmesøndag skal desse flinke barna vera aktivt med i gudstenesta i Gjerstad kyrkje. Det blir dåpsskulen si avslutning.

### Tårnagentar

Denne våren har mange barn blitt tårnagentar rundt om på Osterøy. Dei har blitt godkjente med agentbevis, «buff» og eiga tårnagentavis. Agentane har fått viktige oppdrag å utføra og dei har løyst mysterium rundt om i kyrkjene våre. Kyrkjjetårna har vore flittig besøkt.

### Barnekor på Valestrand

Annankvar torsdag kl. 17.30-18.30 har barnekoret øving i Danielsen ungdomsskule sitt lokale på Valestrand. Der syng barn i alderen frå 5 år til og med 5.klasse. Unge vaksne leiarar organiserer barnekoret. Barnekoret øver desse torsdagane fram mot sommaren: 9. mai, 23. mai og 6. juni.

### KRIK Osterøy

KRIK (Kristen Idrettskontakt) er eit tverrkyrkjeleg samarbeid. KRIK Osterøy tilbyr alle frå 0-99 år (spreke, bedagelege, familiar, single, besteforeldre) samlingar med uteaktivitet og godt fellesskap. Følg KRIK Osterøy på Facebook. KRIK har følgjande samlingar før sommaren: Søndag 7/4 kl. 14.00-17.00: KRIK på fottur til Tveitane v/Kvisti / søndag 19/5 kl. 14.00-17.00: KRIK på padletur i Storavatnet.

### Trusopplæring våren 2019

**Onsdag 10/4 kl. 12.00-13.30:** Babysong i Borgstova på Hamre

**Onsdag 10/4 kl. 17.30-19.00:** Dåpsskule for 1. klasse i Gjerstad kyrkje.

**Søndag 14/4 kl. 11.00:** Gudsteneste med barna frå dåpsskulen i Gjerstad kyrkje



Glimt frå dåpsskulen (foto: Helga A. Mjelstad)

**Onsdag 24/4 kl. 12.00-13.30:** Babysong i Kyrkjesenteret

**Fredag 26/4 kl. 19.00-21.00:** TGIF, thank God it's Friday 15+ i Haus kyrkje

**Tysdag 7/5 kl. 16.30-17.30:** Småbarnsong i Kyrkjesenteret

**Onsdag 8/5 kl. 12.00-13.30:** Babysong i Borgstova på Hamre

**Onsdag 15/5 kl. 12.00-13.30:** Babysong i Kyrkjesenteret

**Onsdag 22/5 kl. 12.00-13.30:** Babysong i Borgstova på Hamre

**Fredag 24/5 kl. 19.00:** TGIF, thank God it's Friday 15+ i Åsane kirke

**Onsdag 29/5 kl. 12.00-13.30:** Babysong har sommaravslutning i Kyrkjesenteret

**Fredag 14/6 kl. 19.00:** TGIF, thank God it's Friday 15+ i Eidsvåg kirke

Velkomen!

Venleg helsing trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad

## Kyrkjevalet 2019

## Kyrkjevalet på Osterøy

I desse dagar vert det sendt ut førespurnad til mange personar om dei vil stille til val i soknerådet. Får du eit slikt skriv er det fordi ein meiner at du kan gjere ein god jobb i soknerådet, så ta det positivt!

Ostringane er glade i kyrkja si, så ver glad for at du kan vere med å gjere kyrkja til ei kyrkje alle kan kjenne seg heime i! Kyrkjevalet er viktig for kyrkja vår. Valet sikrar at kyrkja er ein demokratisk organisasjon. Alle som er medlem i Den norske kyrkja og som fyller 15 år eller meir i 2019 kan stemme.


Årets kyrkjeval vert halde måndag 9. september 2019, på same stad og dag som kommunevalet.



# Israelskveld med Ole Christian Kvarme

–Jeg vil fortelle om det som skjer, men ikke når oss gjennom mediene, sier Ole Christian Kvarme, som i mai kommer på temakveld i Åsane kirke.

TEKST: KAROLINE ROSSGÅRD SALHUS



**KOMMER TIL ÅSANE KIRKE:**  
– Israel har gitt meg nærkontakt med vår kristne tros jødiske røtter og jødisk tradisjon – og med palestinske kristne som har tatt vare på Jesus-tradisjonen i landet, sier Ole Christian Kvarme. (Foto: Oslo bispedømme)

– Jerusalem er korsets og oppstandelsens by, allerede der er det både kontrast og håp, og den er fortsatt håpets og forsoningens by. Den er også bønnens by. Jeg vil formidle noen glimt av håp i dagens Jerusalem og fortelle om noe som skjer, men sjelden når oss gjennom mediene, sier Kvarme.

## Har bodd elleve år i Israel

En kjenner gjerne Kvarme best fra hans tid som biskop i Borg (1998-2005) og i Oslo (2005-2017), men han er også utvilsomt en av vår kirkes fremste eksperter på Israel.

Han var misjonsprest for Den Norske Israelmisjon i perioden 1976-1981, med bosted i Haifa i Israel. Samtidig var han eksekutivsekretær for Bibelselskapet i Israel og på Vestbredden (for De Forente Bibelselskaper). Siden var han først bestyrer for Caspari Center for bibelske og jødiske studier i Jerusalem (1982-1986), deretter generalsekretær i Det Norske Bibelselskap (1986-1996).

– De elleve årene vi bodde i Israel og jevnlig kontakt siden har satt et utslettelig preg på min tro og mitt liv, forteller Kvarme.

– Israel er bibelsk landskap og historie og landet der Jesus vandret, fedrenes land for jødene og palestinerne gjennom århundrer. Israel har gitt meg nærkontakt med vår

kristne tros jødiske røtter og jødisk tradisjon – og med palestinske kristne som har tatt vare på Jesus-tradisjonen i landet.

## Om situasjonen i dag og forsoning

Under temakvelden i Åsane kirke vil Kvarme fortelle om hvordan han opplever at situasjonen er i Israel i dag, om evangeliets løp i landet, og om forsoningsarbeidet mellom jøder og palestinere.

– Da vil det blant annet handle om møtet mellom jøder, kristne og muslimer, om palestinske kristne og fremveksten av menigheter med messianske jøder, sier han.

Med utgangspunkt i samtaler i Jerusalem vil han også berøre det vanskelige: Hvordan kan Israel som stat ivareta sin sikkerhet og jødiske identitet og utvikle sitt demokrati med rom for palestinere og andre folkegrupper? Og hva betyr det for våre holdninger i dagens konfliktsituasjon?

«Jerusalem - kontrastenes og håpets by», Torgstuen i Åsane kirke, onsdag 8. mai kl. 19.00. Temakvelden runder av vårens Rasteplass-samlinger, som er åpne for alle og gratis. Det blir enkel servering, og mulighet for spørsmål og samtale om kveldens tema.

# Bispemøtet beklager overfor norske kvinner

«Vi erkjenner at kirken i liten grad har tatt inn over seg den situasjonen som mange gravide kvinner har stått i, og har heller ikke klart å gi troverdig uttrykk for forståelse for kvinners erfaring og de utfordringer kvinner har opplevd» står det i en fellesuttale fra Bispemøtet.

AV MAGNE FONN HAFSKOR



**FELLESUTTALE OM ABORT:** Biskopene i Den norske kirke samles normalt til bispemøte tre ganger per år. Fellesuttalen om abort ble gitt etter Bispemøtet 11.-15. februar. (Foto: Hege Flo Øfstaas/Bispemøtet).

– Det har i det siste vært en heftig debatt om abort, og vi har et behov for å se om det var mulig å få en mer nyansert samtale, sa biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, til BA 15. februar, etter at uttalen fra de 12 biskopene ble publisert.

Under tittelen «Samtalen om abort» tar biskopene tydelig avstand fra kirkens tidligere holdninger, og inviterer i stedet til «en bred og saklig, fordomsfri og omsorgsfull samtale om disse spørsmålene fremover». De viser til at kirkens tidligere argumentasjon «ikke la til rette for en god dialog» – og skriver at det nå er «på tide å skape et nytt samtaleklima». Her er hele uttalen:

*Kirken har lenge engasjert seg i abort som etisk, menneskelig og politisk utfordring. Da loven om selvbestemt abort ble behandlet og vedtatt på 1970-tallet, var kirken en tydelig motstander av de endringer som ble innført. Prester og*

*andre var sterke og klare i sin kritikk av loven i den hensikt å verne det ufødte liv. I dag innser vi at kirkens argumentasjon ikke la til rette for en god dialog. Det er på tide å skape et nytt samtaleklima. Det ønsker vi å medvirke til.*

*Vi erkjenner at kirken i liten grad har tatt inn over seg den situasjonen som mange gravide kvinner har stått i, og har heller ikke klart å gi troverdig uttrykk for forståelse for kvinners erfaring og de utfordringer kvinner har opplevd. Tvert om har kirken som institusjon gjennom historien vist manglende engasjement for kvinners frigjøring og rettigheter. Det beklager vi. Som kirke må vi forandre vår måte å snakke om abort på og hvordan vi ivaretar mennesker som er berørt.*

*Det er på det rene at kirkens holdning har påført alene-mødre en krevende belastning. Tidligere kunne barn født*



utenfor ekteskap bli nektet dåp, og ugifte foreldre fikk ikke stå sammen ved døpefonten.

Et samfunn med legal adgang til abort er et bedre samfunn enn et samfunn uten slik adgang. Det forhindrer illegale aborter, og fremmer helse, sikkerhet og trygghet for kvinner. Det blir ikke minst tydelig i et globalt perspektiv. Internasjonalt ser vi at kirker fortsatt er med på å legge sten til byrden for mange gravide kvinner i utsatte posisjoner.

I Norge har vi demokratiske prosesser for å fastsette lover, og norsk lov gir adgang til selvbestemt abort innenfor de første 12 uker av svangerskapet. Vårt fokus er ikke å reise spørsmål om lovens berettigelse, men et lovverk i seg selv løser ikke ethvert etisk dilemma.

Fosteret er fra unnfangelsen et liv med verdi og krav på vern. Medisinsk teknologi gir oss nå større kunnskap, samt flere muligheter til å gripe inn og korrigere fosterets utvikling underveis. Mye av dette er et gode, men her reises også en rekke spørsmål som må avveies og avklares. Dette kan sette foreldre i en krevende situasjon.

Det er positivt at det utføres færre aborter i Norge, og særlig at antall tenåringsaborter er redusert. Det er trolig mange grunner til dette. De rammer og støtteordninger som samfunnet kan tilby, bidrar vesentlig og må utvikles videre slik at økonomiske, praktiske og sosiale forhold ikke blir avgjørende i valget om å avslutte et svangerskap. Dette er også en utfordring for kirkens diakoni. Kirkens oppdrag er å fremme inkluderende fellesskap.

Fostre med utviklingsavvik og barn med annerledes funksjonsevne er et særlig ansvar for foreldrene og samfunnet. Vi vil fremholde at menneskeverdet er gitt av Gud, og ikke avhengig av funksjonsevne. Alle mennesker kan leve fullverdige liv. Målet må være at ethvert barn skal få mulighet til å oppfylle sitt potensial, og at foreldre og foresatte får adekvat og tilstrekkelig hjelp og støtte. Det er helt nødvendig at vi som samfunn legger bedre til rette for disse familiene.

Vi vil oppmuntre til en bred og saklig, fordomsfri og omsorgsfull samtale om disse spørsmålene fremover, og vil også selv forsøke å bidra til den.

## Hareides oppgjør med Trump

Publikum svarte både med applaus og buing da Knut Arild Hareide tok eit oppgjør med Donald Trumps populisme under årets Oslo Symposium.

TEKST: MAGNE FONN HAFSKOR

«Tre av fire er positive til aktiv dødshjelp. Då trengst KrF som ei tydeleg stemme som seier nei til aktiv dødshjelp og ja til aktiv livshjelp» sa den avtroppa KrF-leiaren i tala, der han understreka at KrFs sjel og identitet ikkje ligg i politikkenes høg- eller venstre-side, men i kampen for menneskets ukrenkelege verdi, verdas fattige, familien og dei kristne verdiane.

«Me er alle forma av det kristne Europa, uavhengig av personlig tru. Difor bør det vera heilt uproblematisk å henvisa til og vektleggja det kristne verdigrunnlaget, både i grunnlov og i formålsparagrafar for skule og barnehage» sa han vidare, før han konkluderte med at alle nordmenn, uavhengig av trusretning, bør kjenna til den kristne budskapet. «Dei treng ikkje tru på det, men må ha kunnskap om det», sa han, og hausta stor applaus.

Resten av talen brukte han til å ta eit verdioppgjør med Donald Trump og vår tids aukande høgpopulisme. Denne delen blei møtt med buing og tilrop, noko Hareide møtte med eit tydeleg påbod om stillheit. Det følgjande er eit utdrag frå talen hans (heile talen hans er lagt ut på Oslo Symposiums Youtube-kanal):

«Då USAs president heldt sin tale i FN i haust, sa han at USA ikkje vil hjelpa nokon som ikkje hjelper dei. Hans budskap var «America first». Min budskap er det motsette. Me må ikkje bli oss sjølv nok. (...)

Svaret ser ikkje lenger ut til å vere felles løysingar på felles problem, men at ein kvar får sørgja for seg sjølv. Når eigeninteresse blir styrande for alle nasjonar, då taper me alle. Og dei som taper mest er dei som treng det mest. Dei fattige, dei forfulgte, dei sårbare, minoritetane. Det krev meir samarbeid, ikkje mindre. Og vår stemme må vere på dei fattige og skaparverkets side.

Korleis opptrer så president Donald Trump? Han skjeller ut på det grovaste den demokratisk valgte statsministeren i Canada, Justin Trudeau, fordi Canada vil kome med motiltak mot Trumps nye tollkrav. Samstundes fortel han folket i Nord-Korea kva for ein dyktig og omsorgsfull leiar dei har. Diktatoren som har konsentrasjonsleirar. Som svelter folket sitt og forfølgjer kristne. Det landet som år etter år toppar Åpne Dører si liste over verstingland når det gjeld trusfridom og menneskerettar. (...)

Lenge var det mange som meinte at Trumps politiske utsagn var valkampretorikk. At systemet rundt han ville halde han på plass. At han var for uvitande til å få noko gjennom.



**MØTT MED BUING OG TILROP:** «Ja, eg blei bua på. Men det må eg tåle når eg kjem med ein tydeleg budskap på Oslo Symposium. Så må dei tåle å høyre sanninga om Donald Trump og høgpopulismen» skreiv Knut Arild Hareide på Twitter etter talen han heldt på Oslo Symposium 15. mars. (Skjermfoto frå Youtube).

No ser vi at han meinar alvor. Vi må stå opp mot denne populismen. Vi må ta avstand frå Trump, som jevnt og trutt lyg, som latterleggjer funksjonshemma og snakkar nedlatande om kvinner. Vi må ta avstand frå dei som byggjer murer i staden for bruer. Vi må byggja tillit og ikkje mistillit. (...)

Vårt oppdrag er å finna krafta til å ta tak i dei viktigaste utfordringane i vår tid, og å stå opp for sanning, rettferd og fridom. Gode vener, vi må ikkje gløyme Jesu ord. Han sa det tydelegare enn nokon andre: Det dåke gjer mot ein av mine aller minste, det gjer dåke mot meg. Det er ord som forpliktar».



# Abbedissen

begravelsesbyrå as



Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90  
 Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

[www.abbedissen.no](http://www.abbedissen.no)

# Åsane

## Begravelsesbyrå

∕ Johannes R. Blom

55 18 90 00 Døgnvakt



E-post: [aasane-b@online.no](mailto:aasane-b@online.no)  
 TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

# Koba Christensen

BEGRAVELSESBYRÅ

129 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet
- Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhåndspris
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** [post@koba.no](mailto:post@koba.no), [www.koba.no](http://www.koba.no)

# Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
 POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
 for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

### AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

### AVD. SOTRA

2. etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## BERGEN

### GRAVFERDSHJELP

DØGNVAKT 55 98 80 00

BERGENGRAVFERDSHJELP.NO  
 LUNDHAUGEVEIEN 14, 5221 NESTTUN

HVORFOR BETALE MER FOR  
 SAMME TJENESTER?

VI HAR FASTPRIS PÅ  
 GRAVFERD MED SEREMONI  
 29.500,- INKLUDERER ALT  
 DU TRENGER.

## Arna

### GRAVFERDSBYRÅ



Vi kan hjelpe til med  
 rådgivning og tilrettelegging  
 ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 24 08 08  
[www.arna-gravferdsbyraa.no](http://www.arna-gravferdsbyraa.no)  
 Lakslia 13 • 5261 Indre Arna

## FANA & FYLLINGSDALEN

### BEGRAVELSESBYRÅ

HVORFOR BETALE MER  
 FOR SAMME TJENESTER?

VI HAR FASTPRIS PÅ  
 GRAVFERD MED SEREMONI  
 29.500,- INKLUDERER ALT  
 DU TRENGER.

DØGNVAKT 55 13 40 04

FF-BEGRAVELSESBYRÅA.NO  
 LUNDHAUGEVEIEN 14, 5221 NESTTUN

## GRAVMINNER

Løvaas  
 Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

## Dåp, konfirmasjon eller bryllup?

Vi har det du trenger for å dekke  
 ditt nydelige festbord!

Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter,  
 løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.

Fjøsangerveien 207  
 55 31 80 01

Løiten Lys Bergen

Løiten  
 Lys

[www.loiten-lys-bergen.no](http://www.loiten-lys-bergen.no)

## 3/6 TREseksten

Konfirmasjon  
 2019

Åsane Storsenter 42  
 TLF.: 55 19 82 00

Bibelen



# – Om ett menneske lider, så lider hele verden

– Rent vann er liv, sier Ahmednaji Bashir Mohamed. 27-åringen er feltkoordinator i Somalia og Kirkens Nødhjelps ansikt i flyktningleirene i Puntland.

TEKST OG FOTO: KIRKENS NØDHJELP



**HJELPER MENNESKER PÅ FLUKT:** – Når folk kommer hit, finner de ikke noe arbeid, så de er avhengige av humanitær hjelp, sier Ahmednaji Bashir Mohamed.

Mohamed har hatt jobben som feltkoordinator for Kirkens Nødhjelp i Somalia i to perioder siden januar 2011. Han er utdannet innen økonomi og fotografi, og nå tar han en master i sikkerhet- og beredskapsledelse ved siden av jobben.

Ikledd lilla t-skjorte og rød topplue viser han oss rundt i flyktningleiren Jilab i Puntland. Resultatene av vårt felles arbeid er synlig overalt, fra vanntårnet der det rene vannet pumpes opp fra bakken, gjennom rørledningene til tappetasjonene rundt om i leiren, og i ringen av mødre og barn som får opplæring i god håndvask.

Det er mennesker over alt, flest kvinner og barn, og Mohamed stopper opp, håndhilser og småprater med alle på somalisk, før han fortsetter omvisningen på engelsk.

Rundt 25.000 mennesker bor i denne leiren. De fleste har blitt fordrevet fra hjemmene sine på grunn av konflikt og tørke. I Somalia har det vært fire tørkeperioder på rad.

Tørken ble så alvorlig at den tok livet av dyrene som var livsgrunnet til de fleste nomadefamiliene.

En katastrofe kommer sjelden alene, og diarésykdommen kolera dukker ofte opp i områder der folk bor tett i tett i enkle kår, slik som her i Jilab-leiren. Rent vann, trygge sanitærforhold og god hygiene redder liv.

Mohamed tar oss med til en stor gruppe kvinner og barn som står i ring om en hygieneinstruktør.

– Opplæring i håndvask er en av de viktigste oppgavene som hygieneinstruktør, sier han.

– De fleste her er mødre, og de vet hvor livsviktig kunnskap om god hygiene er, både for enkeltpersoner, familier og hele samfunn som flyktingene i denne leiren.

Mohamed opplever hele tiden at behovene er større enn mulighetene for å hjelpe, og har derfor en utfordring til norske menigheter:

– Konfliktene skjerpes på grunn av naturkatastrofer som tørke, og jeg håper vi i Kirkens Nødhjelp kan fortsette og helst utvide nødhjelpsinnsetningen, både her i Somalia og andre steder i verden, sier han.

– Jeg tenker slik, at om ett menneske lider, så lider hele verden.

## Fakta

### Norges nest største innsamlingsaksjon

- For over 50 år siden bestemte menighetene i Norge seg for å ha en årlig innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt internasjonale arbeid.
- Fasteaksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Norge – etter TV-aksjonen.
- Aksjonen er lagt til en tid av kirkeåret som heter fastetiden, og arrangeres over hele landet søndag til tirsdag før påsken – som i år blir 7.-9. april.
- Fasteaksjonen er også en holdningsskapende kampanje knyttet til klimaendringene, og støtter kravet om at Norge må kutte 53 prosent av våre nasjonale klimagassutslipp innen 2030 sammenlignet med 1990-nivå.
- Klimaforskere fra Stockholm Environment Institute har regnet seg frem til dette tallet, som de anser som Norges rettfærdige bidrag til den globale klimadugnaden.
- Du kan støtte aksjonen ved å vippe penger til 2426 – eller sende en sms med ordet VANN til 2426 (200 kroner). Mer informasjon: [fasteaksjonen.no](http://fasteaksjonen.no)





# Påskefeiring på barmhjertighetens øy

Lésvos (også kjent som Lesbos) er den tredje største øyen i Hellas, og ligger nordøst i Egeerhavet – bare skilt fra Tyrkia med det smale Mytilini-stredet.

TEKST: KARI TOMASSEN • FOTO: OTTO ERSLAND



**SOLOPPGANG VED HOTELLET VOTSALA:**  
Hotellet ligger like ved stranden, og ble i perioder brukt som krisesenter for båtflyktninger.

I noen år har Lésvos vært den mest omtalte øyen i Hellas, og fått mye negativ reklame. Grunnen er alle flyktningene som, etter en farlig ferd over havet fra Tyrkia og Syria, endte opp på strendene her.

Myndighetene i Hellas har ikke kunnet takle alle problemene dette har medført, og dessuten har det ikke vært mye hjelp å få fra andre europeiske land.

Artikler om flyktningenes møte med «friheten» er lite hyggelig lesning. Dessverre skrives det ikke om innsatsen til de fastboende som har hjulpet etter beste evne. De kjenner nemlig problemet med å flytte fra hjemlandet.

## MANGE AV ØYBOERNE VAR SELV FLYKTNINGER

Mange av øyboerne er etterkommere av de som kom hit i 1923, da den store folkeforflytningen fant sted. Grekerne hadde lidd nederlag i felttoget mot Ankara i 1919-1922, og for å få slutt på stridighetene mellom Tyrkia og Hellas, bestemte fredsforhandlingene i Lausanne i 1922 at øyene i Egeerhavet skulle bli greske og fastlandet i Lilleasia skulle tilhøre Tyrkia.

Religøse kriterier ble lagt til grunn. Muslimer skulle til Lilleasia og de greskortodokse til Hellas. Rundt to millioner

grekere måtte derfor dra fra Lilleasia, og rundt 500.000 muslimer den andre veien. Høykommissæren for flyktningene, vår landsmann Fridtjof Nansen, ledet arbeidet med folkeforflytningen.

---

*De fastboende på Lésvos har hjulpet etter beste evne. De kjenner nemlig problemet med å flytte fra hjemlandet.*

---

Mange av de greskortodokse i Tyrkia-området hadde ingen kunnskap om gresk språk og kultur, men ettersom de var av gresk avstamning og hadde ortodoks tro, ble de tvunget til å flytte, og mange av dem kom til Lésvos. De ble tatt godt imot av folket der, og i dag er de blant dem som på ny tar imot flyktninger.

## ÅPNET HOTELLET FOR FLYKTNINGER

Daphne Vlomidi, vertinne på hotellet Votsala utenfor Mytilini på østkysten av øyen, fikk i år en utmerkelse for sin hjelp til og redning av mange flyktninger som hadde nådd



land rett i nærheten av hotellet. Jeg har besøkt hotellet flere ganger, og er blitt kjent med henne.

Hotellet ligger rett ved stranden, og vi ser over til Tyrkia når vi sitter i hagen. Daphne åpnet hotellet for flyktningene som kom i land like ved, og inviterte dem inn til mat og drikke. Hotellet ble i perioder også brukt som krisesenter. I juni 2014 ble hun arrestert for å ha kjørt flyktninger fra stranden til en havn hvor det gikk båter til Athen. Dette var blitt forbudt av myndighetene. Men hennes mange protester ledet til mer humane regler for mottak av flyktninger.

Daphne ble hedret 18. mars 2018 av Righteous of Hospitality i Milano – en non-profit organisasjon som har opprettet hagebyen Gariwo (forkortelse for «the Gardens of the Righteous Worldwide»). Hvert år siden 2004 har organisasjonen hedret folk som har hjulpet mennesker på flukt, forsvart menneskerettighetene og forhindret folkemord.

## JUL OG NYTTÅR PÅ LÉSVOS

Mange nordmenn kjenner Hellas bare som et sommerferiested, og ganske få vet hvordan de feirer høytider som jul og påske her. Hellas er et greskortodokst land, med sterke religiøse tradisjoner. 97 prosent av befolkningen er medlem av kirken, og de religiøse høytidene betyr mye.

Julefeiringen er ikke som vi kjenner den fra Norge. Barna starter feiringen på julaften – gjerne om morgenen – og går rundt i nabolaget, og synger julesanger og mottar penger. Men julegavene får de på nyttårsaften. Ikke i store mengder, som her hos oss, men noen gaver fra familien. Og det er bare barna som får gaver. De fleste grekerne går i kirken, spesielt 1. juledag og 1. nyttårsdag. Gudstjenestene starter gjerne tidlig om morgenen og varer i mange timer, og folk kommer og går.

På nyttårsaften spiser alle «vasilopita», en formkake hvor det er bakt inn en lykkemynt. Den som finner den vil ha hell med seg hele året. Mange grekere liker også å spise ved midnatt, slik at «det nye året finner dem mens de nyter maten – for da vil de ha mat hele året».

Første nyttårsdag om morgenen går far i huset til kirken med et granateple. Etter at eplet er blitt velsignet, går han hjem med det og banker på døren slik at de må åpne for ham. Dermed blir han årets første gjest i huset, og han går inn og knuser eplet. Dette vil velsigne huset for det kommende året (granateple er lykkebringende i Hellas, og når noen har kjøpt nytt hus, kommer venner med granateplepynt).

## DEN VIKTIGSTE HØYTIDEN

Det er imidlertid påsken som samler familien, og som er den viktigste høytiden i Hellas. Mens vi i Norge reiser hjem til jul, drar grekerne hjem til påske. Selve påskefeiringen starter skjærtorsdag, og det er mye som skjer hver dag: dramatiske gudstjenester, prosesjoner, pynting av egg, fyrverkeri og grilling av påskelam.

På langfredag er det en prosesjon i gatene med «epitaphios» (Kristi bære), nydelig pyntet med blomster og hentet ut fra kirken, og som befolkningen følger etter med lys i hendene.

Påskeaften er det midnattsmesse, og i seremonien slukkes først alle lysene i kirken, og så tar presten et lys og tenner det ved hjelp av en flamme som er blitt båret inn i kirken og sier:



